

Restaurering av stien opp

Lundeskaret

Rapport 2015



Foto: Utmarksressurs AS



BAKGRUNN

Stad: Lunde i Kjøsnesfjorden, Jølster kommune
Startpunkt for sti: Lundebotnen ved innslaget til Fjærlandstunellen, 350 moh.
Endepunkt for arbeid: Lundeskaret, 960 moh.

Lunde turiststasjon, som ligg på den inste garden i Kjøsnesfjorden, har ein lang tradisjon som vertskap for turistar som ynskjer å gå på bre. På garden var det patentførarar i fleire generasjonar. I gammal tid var det stor trafikk over breen langs denne ruta, blant anna fordi ruta til Bøyadalen er den kortaste overgangen over Jostedalsbreen.

"Stien er opparbeidd og delvis sprengt ut av DNT, og sikra med boltar og streng. Opparbeiding starta i 1906, og DNT bidrog med tre hundre kroner. Det forteljast at Lundeskaret er den brattaste opparbeida sti i landet. Arbeidet utgjorde 800 dagsverk og kostet den gang 800 kroner" (www.dntfiellsport.no).



Frå Lundeskaret kan ein gå over til Fjærland, Haukedalen. Eller kome seg opp på bre-platået via Marabreen. Foto: Utmarksressurs AS



Stien opp Lundeskaret er svært bratt.


Foto: Utmarksressurs AS

Det fins ikkje tal på kor mange som nyttar ruta gjennom Lundeskaret gjennom ein sesong, men slitasje på sti vitnar om at den vert ein del brukt. Med parkering og startpunkt like ved E39 har ein i dag lett tilkomst. Besøkande på Lunde turiststasjon, som ligg like i nærleik av startpunkt, tar ofte turen opp mot Lundeskaret. Den vert også lokalt brukt litt til motbakketrening.

Stien er svært bratt og på fleire punkt i øvre del er det høgt ned. Når det er vått og sleipt kan det vere spesielt utfordrande og ta seg nedover på glatte sva og steinar. Fleire stadar er det sett opp wire, noko som er absolutt nødvendig for å ivareta sikkerheit.

Sommaren 2014 vart det utført restaureringsarbeid på stien mot Lundeskaret. Utmarksressurs AS og SNO Sogndal hadde ansvar for prosjekt- og arbeidsleiing.

I førekant og undervegs i perioden med arbeid hadde vi fleire synfaringar der grunneigarar, Jølster kommune og Indre Sunnfjord turlag var representert. Deira innspel var veldig nyttig. Vi hadde også besøk av journalistar, som førte til reportasjar i ei lokal avis og eit innslag på Vestlandsrevyen. Innslag vart også sendt på riksdekkande fjernsyn.



Oversiktskart Lundeskaret.

Utmarksressurs AS

RESULTAT 2014

Følgjande område vart utbetra i 2014 (etter vår prioritering før oppstart):

Frå rv5 til skoggrense vart det rydda skog langs sti. Særleg i starten førte rydding til betre utsikt mot dalføret og bre-landskapet inne i Lundebotnen.

Frå riksveg til Skarsholten

Etter 130 meter kjem ei grov ned mot sti og kryssar denne. Under dagar med stor vassføring stod her ein del vatn i sti. Grova har ikkje noko bestemt løp, den renn i ura under stien. Hovedlaupet reinska vi opp og la på plass att ei stor helle som hadde glide ut og hamne på nedsida mot elva.

Vidare mot ras-vifta under Skarsholten er stien i grei forfatning. Lokale med engasjement for stien har utført noko arbeid her, lagt til rette heller o.l. Dette er bra arbeid som vil ligge lenge. I og langs ras-vifta under Skarsholten vart til saman 100 meter sti laga ny og delvis våla opp. Vi kryssa over ras-vifte lenger nede enn kva som har vore vanleg siste åra, og kom inn på gamal sti på sørssida. Med dette ligg sti meir skjerma under Skarsholten. Over sjølve ras-vifta vart eit strekning på om lag 40 meter øydelagt berre nokre dagar etter arbeidet vart utført. Men ved omlegging vil truleg ei lenger strekning få ligge skjerma for øydeleggingar under mykje nedbør. Når delar av strekning vi hadde laga til på sørsside vart liggande, viste det oss at arbeid ikkje var forgjeves.

Frå ras-vifte og opp mot Skarsholten bygde vi til saman 12 meter trapper. Dette partiet er svært bratt. Tilgang på stein er god. Noko av arbeidet her var ikkje tilfredstillande og må takast att. I tillegg er her behov for ytterlegare 30 meter med muring.

Ved passering jølet

Ved passering jølet breidda vi ut nokre meter på sørssida, før passering. Dette er ein stad der folk som er ukjende i området ofte har teke feil, og fortsett rett opp jølet. Med betring av sti på sørssida og muring/bredding/wire på nordsida er vidare sti i dag meir markert. Dette fører forhåpentleg fleire over på den sikrare og betre stien på nordsida av skaret.

Etter jølet på travers mot nordside

Etter krysning av jølet blir ein ført over på ein travers. Her er ganske luftig tilbake og ned mot jølet. Tidlegare var her montert streng/wire både på hengside og dalsside. Vi breidda ut og mura trapper på delar av strekninga her. I tillegg to stikkrenner. Saman med ein god og kraftig wire på hengsida fekk ein betra tryggleiken på ferdsel langs dette partiet. Snø-sig er nok så tungt her at gelender på dalsside ikkje vil stå utan svært kraftig konstruksjon av stål.

Ein wire som etter kort tid blir øydelagt og lausnar frå fester gjer ikkje noko godt inntrykk. Bratt terremg gjer wire som ikkje er skjerma inn mot fjellside veldig utsett for tyngd av snø-sig og is/is-ras. Langs strekningar der behov for wire i Lundeskaret har vi heller søkt å brende ut sti og sorgje for ein god og kraftig wire, godt skjerma på inn mot fast fjell på hengside.

Frå ende på wire og vidare mot Storealteret

Vidare mot Storealteret er sti i bra forfatning. Forutan rydding av skog langs sti mura vi nokre trinn eit par stadar der høge klyv.

Ved Storealteret

I vestsida av Storealteret er mykje lause blokker som ligg på gli ut, det er ustabilt. Vi la derfor ikkje mykje arbeid i sti der denne passerar under. Vi snudde berre til nokre blokker, og mura opp nokre trinn utanfor rekkevidde for desse lause blokkene. Ein må nok forvente at sti under her vert øydelagd år om anna.

Frå Veslealteret mot der ein vender tilbake og vekk frå skaret

Stien lenger oppe, frå Veslealteret og oppover ligg meir skjerma for skred. Derfor la vi ned meir arbeid frå her og oppover. Forutan nokre mindre og punktvise trinn der høge klyv, utbetra vi særleg to strekningar her på til saman omlag 20 meter. Det første, der sti går tett inntil ein bergvegg, vart særskilt bra. Der ein tidlegare måtte klyve gjennom grov blokkmark, ligg i dag ei fin trapp godt skjerma inntil bergveggen. Vatn i øvre del her vart leda ut gjennom ei stikkrenne.



Strekning etter Veslealteret før og etter. Sti ligg godt skjerma inntil bergvegg.

Foto: Utmarksressurs AS

Travers tilbake frå skar

Der sti på ny vender tilbake nordover og vekk frå jølet er også ein stad der folk stadig har teke feil rute vidare. Ferda til mange har gått vidare opp det bratte jølet med rullestein. I dag, med tydelegare sti med noko muring i svingen, vil dette truleg betre seg.

På seinsommaren 2014 friska dessutan Indre Sunnfjord turlag opp dei raude T-anane langs heile ruta. Dette hjelper også til at ein held seg på den korrekte og sikraste traseen.

På travers tilbake bredda vi 45 meter strekning. Her er ikkje særleg bratt, men stadvis var her ganske smalt. Og i tillegg er det høgt ned. Har ein problem med høgde får ein nok føle det for alvor her. Saman med 24 meter wire, godt skjerma mot hengside, fekk vi auka tryggliken her.



Illustrasjon bredding og wire montert i fin og naturleg høgd.

Foto: Utmarksressurs AS

Psykisk får nok mange ekstra tryggliik i den solide wiren. Wiren er alle stadar montert opp i ei naturleg høgde, men likevel så lavt at dei barn skal kunne nå den.

Ved overhang

Ved overhang der ein på ny vender vestover la vi om sti over ei strekning på 10-15 meter. Gammal trase låg ute på kanten, ny trase ligg heilt inn på hylla og inntil fjellside. Den er mindre eksponert for den bratte sida nedover. Og meir skjerma for snø/is inntil fjellside. Trapp rundt fjell i nedre del vart litt smal, men saman med wire vart løysing tilfredstillande.

Strekk mellom hilljar og nedre S-sving

I dette område var tilgong på Stein därleg. Vi frakta opp fire sekkar med Stein frå ras-vifte i nedre del. Men saman med det vi fann av Stein på staden var det dessverre ikkje nok til at vi fekk restaurert det vi hadde ynskje om her. Vi mangla Stein til omlag 20 meter. Wire som var planlagt montert opp her må på plass etter ein eventuelt har fått utført dette arbeidet. Wire til denne strekninga, samt "langs strekk mellom to smale S-svingar", vart derfor kappa til og lagt igjen under overhang. Inkludert wire til mellomforankringar.

Nedre smale S-sving

Ved inngang til nedre S-sving mura vi opp ei trapp. Saman med to lokker av wire, og ein lenger wire i utgang, vart passering sikrare og betre.



Nedre smale S-sving. Løkker og løpende wire.

Foto: Utmarksressurs AS

Langstrekk mellom to smale S-svingar

Vidare på det beine strekket mot "S-sving 2" våla vi opp gammal muring, samt la til nokre fleire trinn i øvre del. Bygde også ei stikkrenne her.

Vår vurdering her er at skal vi ertstatte gammal løypestreng/wire, så må vi reinske oss inn til fast fjell på hengside. Her er truleg tungt snø-sig vinteren gjennom, noko som gammalt gelender på dalside vitnar om. Som skrive over ligg wire til dette lagra under overheng lenger nede. Det vil medføre behov for noko ekstra arbeid, men resultatet vil verte meir varig.

Øvre smale S-sving

Mot øvre smale S-swing monterte vi opp wire, her heng han godt skjerma under ein bratt fjellknaus. Det er først og fremst i første vending her kan vere vanskar, og då særskilt på tur ned under dagar med nedbør. Trinn og solid wire lettar framkomst. Så kan ein diskutere om ein her burde supplert med ei ekstra løkke i yttersving. I øvre sving i S bygde vi ei stikkrenne.

Øvre, lange trapp

Forbi øvre S-swing kjem ein til ei lang, smal trapp som ligg fint skjerma med fast fjell på begge sider. Her la vi til ein god fot ved begynninga av trapp, og restaurerte nokre av trinna vidare oppover då dei var på gli ut. I tillegg erstatta vi den gamle wiren her.



Øvre, lange trapp.

Foto: Utmarksressurs AS

Over øvre, lange trapp

Øvste punkt det vart utført arbeid på i 2014 var rett over den lange, beine trappa. Her la vi inn to stikkrenner for å hindre vatnet i å gå vidare nedover sti.

RESULTAT 2015

Med eit arbeidslag på fire sherpa fekk vi over ei veke hausten 2015 utbetra nokre punkt som stod igjen. Tilsaman 45 meter trapper vart mura opp. 25 meter av dette vart gjort under Skarsholten. Resterande 20 meter trapper i brattpartiet mot toppen. Vi fekk dessutan bredda og/eller steinsett 35 meter. Dette var gjennom 3 parti med ur/blokkmark under Skarsholten. Og nokre meter under Skarsholten der stien var på det smalaste.

Heile stien opp Lundeskaret er bratt, og strekninga lavt nede under Skarsholten er ikkje noko unntak. Her løfta vi opp 6 sekkar med stein. Saman med stein frå staden fekk vi mura opp fleire korte strekningar med trapper. Nokre av desse var med på å forlenge påbegynt arbeid i 2014. Nokon kortare står for seg sjølv opp bratte klyv langs sti.

Arbeidslaget vi hadde med oss i år var svært dyktige. Stien slyngar seg fint gjennom terrenget og er godt forankra nede i jordsmonnet. Skjerma for skred håpar vi desse trappene vil kunne ligge i mange år framover.



Foto: Utmarksressurs AS

Før- og etter-bilde frå bratt-partiet før Skarsholten, lågaste punkt vi gjorde utbetringar i 2015. Bildet talar for seg.



Trapper under Skarsholten. Stien slyngar seg oppover i gjennom krappe hårnålsvingar. Fleire stadar langs denne nedre del av stien møter ein bratte klyv. Dei verste stadane har fått korte trapper. Mellomparti er litt flatare delar, der vi har bredda der smalast.

Foto: Utmarksressurs AS



Bilde frå rett under Skarsholten. Siste meterane mot Skarsholten mura vi trappetrinn. Slitne bein får ei lettare ferd ned. Og ein kan rette blikk utover og mot den spektakulære Strupebreen, i staden for å bruke tid og krefter på å planlegge neste stad å plassere sin fot.

Foto: Utmarksressurs AS



Hellelegging gjennom ur frå område under Storealteret. Turen opp Lundeskaret går mykje i serpentinsvingar. Under Storealteret, om lag halvvegs mot toppen, kryssar stien gjennom ei lita ur heile tre gongar. Her har vi snudd om på heller og lagt til rette for lettare passering. Særleg når det er nedbør kan det vere ekkelt her. I dag er det litt betre.

Foto: Utmarksressurs AS

I det bratte partiet, heilt i øvre del, gjorde vi det største og mest tidkrevjande arbeidet i 2015. Då her var heilt reinska for Stein etter 2014, løfta vi opp 9 sekkar med Stein. Ut av dette fekk vi mura opp 20 meter med trapper. Dette batt saman arbeidet vi gjorde under og over i 2014.



Stikkrenne i det øvste partiet vi jobba i 2015.

Bildet fortel litt om kor bratt det er opp

Lundeskaret.

Foto: Utmarksressurs AS

Frå øvre parti vi mura opp i 2015. Inkludert dei gamle trappene som er mura opp, er den bratte strekninga i øvre del no samanhengande utbetra over ein distanse på over 100 meter. Ny og betre wire er også komen på plass.

Foto: Utmarksressurs AS

Restaureringsarbeidet utført 2014 og 2015 har auka tryggleiken på stien til Lundeskaret mykje. Dei mest eksponerte stadane på den gamle ferdstevgen er no mykje tryggare.

Dei gamle mura trinna har fått ei overhaling der nødvendig. På stadar utan utgliding og øydelegging ligg kulturminnet urørt. Dei verste strekningane har blitt bredda, eller har fått nye trappetrinn. Den flotte turen, der reisa opp er like spektakulær som utsikta på toppen, har fått eit betydeleg løft. Med tryggare ferdsle får ein vonleg ei betre totaloppleveling.

Kostnad Lundeskaret 2014 og 2015


Anbod annonsering	6000
Prosjekt- og arbeidsleiing *)	154500
Frakt av anleggsrigg, helikopter	68000
Steinsetting (sherpaarbeid)	379000
Reiseutgifter sherpa (inkludert overnatting)	28000
Diverse (verktøy, reparasjonar, bensin, propanflasker, wire mm.)	18500
	654000

*) - Inkl. i dette er også skogrydding. Planlegging og montering av wire. Drift og kontroll med camp. Opprydding i etterkant. Og utforming av kort rapport.

Anna som ikkje er gjort synleg i kostnadsoverslag:

Rune Holen, Statens naturoppsyn, har bidrage med hjelp til montering av wire, tilsaman 13 dagsverk.

Forutan verdfull lokalkunnskap har Atle Henning Lunde stilt frysar til disposisjon. Og hjelpt til med fleire mindre tenester som lån av verktøy, frakt av mat etc.



"Kilen", sett frå Lundeskaret. I Lundeskaret får ein nærkontakt med eit dramatisk og flott landskap!
Foto: Utmarksressurs AS

Stryn, november 2015

Ole Runar Aabrek

Utmarksressurs AS

Vedlegg: - Skjematisk oversikt over arbeid i Lundeskaret.

Arbeid	Vøling gammal muring	Ny muring	Breidda ut med noko muring	Stikk-renner	Wire	Merknad
2014						
Frå rv 5 til skog-grense						Rydda skog langs sti
Lagt til helle der bekk går under sti etter 130 m.				1		
I rasvifte under Skarsholten			100			Over sjølve rasvifte vart dette øydelagt om lag 40 meter.
Frå rasvifte og opp mot Skarsholten		12				
Ved passering jølet			5			
Etter jølet på travers mot nordside		10	30	2	20	
Frå ende på wire og vidare mot Storealteret		6				
Ved Storealteret		5	3			
Frå Veslealteret mot der ein vender tilbake	10	25		1		
Travers tilbake frå skar		6	45		24	
Ved overheng		13			13	
Strekk mellom hilljar og nedre S-sving						Montert 2 handtak.
Nedre smale S-sving	5				5	2 handtak
Langstrekk mellom to smale S-svingar	16				8	
Øvre smale S-sving				1	6	
Øvre, lange trapp	5				17	
Over øvre, lange trapp				2		
2015						
Under Skarsholten		25	30			
Mellom jølet og Storalteret			20			
Over overheng		20		1		
Totalt	36	122	233	8	93	

Mellomforankringar består for det meste av 80 cm lange wire-tampar, montert om lag kvar 5 meter. Forbruk wire er derfor høgare enn kva framgår av tabell.